



Lars Ottar Sagstad  
Bjørndalsvegen 181  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2126 - 16/19237

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:  
06.10.2016

## Godkjenning av søknad om fritak for gjødselplan på GBNR 34/2 Bjørndalen

**Administrativt vedtak. Saknr: 321/2016**

### Saksutgreiing:

Lars Ottar Sagstad har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gnr. 34, bnr. 2. Drifta er 5 vinterfora sauer. Det er 13 daa fulldyrka, 2 daa overflatedyrka og 19 daa innmarksbeite på bruket. Både husdyrgjødsel og fullgjødsel vert nytta på slåttearealet.

Åreleg tilført næringsstoff p.r daa /år på slåttearealet				Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium	Sum gjødsel	
Kg	Gjødselslag	Totalt areal	Kg pr. daa					
600	22-2-12	15	slåttemark	40	8,6	0,7	3,8	600
4,5 m3	sauemøk	15	slåttemark	300	0,6	0,6	1,5	4500
Sum					9,2	1,3	5,3	5100

**Normgjødsling i vårt område p. r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalium**

### Vurdering:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera for kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50 % av normgjødsling.

Bruket ligg litt under 50 % av normgjødsling for nitrogen og nærmar seg 50 % av norm når det gjeldt fosfor- og kaliumgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (0,7 GDE før frådrag for beitetid) og har stort areal i høve til dyretallet. Kommunen har difor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødsel plan i 5 år. Det er viktig at den omdanna sauetallen vert

spreidd som husdyrgjødsel på slåtteareala, slik at ein ikkje får avrenning av næringsstoff frå areala. Det er ny eigar og driva på bruket og kommunen har oppfatta det slik at det er eit ønske om å auka dyretalet i åra framover. Søkjar må vera merksam på at dersom dyretalet aukar må det fremjast ny søknad eller han må tinga seg gjødselplan fordi ei auke i dyretalet vil gjera at ein kjem over dei grenseverdiane som er sett for å kunna gje fritak.

## **Vedtak**

”Meland kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan til Lars Ottar Sagstad, GBNR 34/2 i 5 år fram til 01.11.2021 då bruket er ekstensivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28,

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge  
landbrukssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Lars Ottar Sagstad

Bjørndalsvegen 5918  
181

FREKHAUG